
Saksnr:	2023/882-38
Saksbehandlar	Thorbjørn Aarethun
Dato:	05.12.2023

Til: Vestlandsrådet AU

Frå: Fylkesdirektøren

Verdiseglas 2024 i Vestlandsrådet

Fylkesordføraren i Vestland og Vestlandsrådet har i e-post frå Bjørgvin bispedøme, datert 4.desember 2023, motteke utkast til samarbeidsavtale om gjennomføring av Verdiseglas 2024, mellom dei regionale pilgrimssentra og bispedøma langs Kystpilgrimsleia.

Bakgrunn

Nasjonaljubileet, Noreg i 1000 år, vert markert med årlege arrangement på historisk viktige stader i Noreg, fram mot hovudmarkeringa av Slaget på Stiklestad i 2030.

Tema for jubileumsåret 2024 er Verdjar i lovverket, og blir markert på Moster, Gulatinget, Kinn og Selja m.m.

Dei fire bispedøma langs kysten har tatt initiativ til ein verdiseglas langs kystpilegrimsleia i 2024 med utgangspunkt i Landslova og historia om visdomens fire døtre frå Kongsspegelen: sanning, miskunn, fred og rettferd.

Verdiseglasen er etablert som eit samarbeid mellom dei fire regionale kystpilegrimssentra, dei fire bispedøma og Kyrkjekultur Vest AS.

Aktuelle samarbeidspartnarar i seglasen er skular, folkebibliotek, og ungdom på nøkkelstadane langs Kystpilegrimsleia. Dei vil kome med Verdibrev/tilrådingar for framtida til verditransporten: Kystpilegrimskista som skal overleverast til Noreg 1000 år i Nidaros.

Verdiseglasen er ein del av Magnus Lagabøtejubileum 2024/Landslova 750 år og Moster 2024. Gulatinget 1000 år, Seljumannamesse 1000 år og Olavsfest 2024 inngår i Verdiseglas 2024.

Oppfordring til Vestlandsrådet

Prosjektet er avhengig av økonomisk støtte frå fylkeskommunane langs kysten. Prosjektet Verdiseglas 2024 utfordrar og stiller spørsmål vidare om Vestlandsrådet kan ta seglasen inn som eit flaggskip i synleggjering av både historisk og aktuell verdiskaping i landsdelen fram mot Nasjonaljubileet i 2030.

Prosjektet Verdiseglas 2024 har skissert følgjande moglege samarbeid med Vestlandsrådet;

- Vestlandsrådet går inn som offisiell samarbeidspartnar i Verdiseglas, som strategi i aktualisering av rettsjubilea i 2024, og for å opne dørar for aktuelle medspelarar lokalt langs Kystpilegrimsleia: skule, bibliotek, kyrkje, kultur, helse, næringsliv.

- Vestlandsrådet gå inn som politisk rådgjevar /kurator/samarbeidspartnar for Verdisamtalar mellom representantar for toneangivande ungdomsmiljø/ungdomsråd på dei ulike etappeankomstane og ev. andre nøkkelstadar langs leia, der det syner seg stort engasjement lokalt.
Ved innsamling av verditilrådingar frå vestlandsungdomar for overlevering til Noreg 1000 år, vil Vestlandsrådet som partnar i Verdiseglas styrke Vestlandsregionen både nasjonalt og internasjonalt
- Vestlandsrådet/ kvar fylkesordførar/biskop invitere til Verdisamtalar på Bokbåten Epos, (eller i Teltmøter – allereie planlagt på Moster) - på hovudstoppa langs leia:

Bergen 21. mai

Moster 1. juni

Selje/Kinn 6./7./8. juli

Gulatinget

Smøla

Nidaros 28. juli

Konklusjon

Avdelingsdirektøren for kultur og folkehelse i Vestland fylkeskommune har hatt kontakt med kulturavdelingane i dei andre fylkeskommunane i Vestlandsrådet, og utarbeidd forslag til følgjande administrative konklusjon på samarbeidsinitiativet rundt Verdiseglas 2024;

- Verdiseglasen ser seg som ein del av Magnus Lagabøtejubileum 2024/Landslova 750 år og Moster 2024. Gulatinget 1000 år, Seljumannamesse 1000 år og Olavsfest 2024 inngår i Verdiseglas 2024.

Vestlandsrådet meiner at Verdiseglas 2024 er eit tiltak som kan bidra til å aktualisere tiltaka over. Særleg gjeld det rettsjubilea i 2024 og styrka samarbeid med lokale medspelarar lang kystpilgrimsleia. Det vil likevel ikkje vere naturleg at Vestlandsrådet tek ei rolle som offisiell samarbeidspartnar i gjennomføringa av Verdiseglas 2024. Gjennomføringa av Verdiseglas 2024 bør i staden byggje vidare på etablert dialog og samarbeid med fylkeskommunar og kommunar langs leia.

Vestlandsrådet er kjend med særlege historiske jubileumsmarkeringar i året som kjem, t.d. Moster 2024 og 750-årsjubileet for Magnus Lagabøter si landslov. Desse to jubilea har det vore jobba med gjennom fleire år i Vestland fylke, og politiske vedtak om finansiering er gjort etter langsiktig planlegging og samarbeid. Vestland fylkeskommune har hatt ei eigarrolle i utforming og koordinering av markeringa av 750-årsjubileet for Magnus Lagabøtes landslov i 2024 i Vestland.

I markeringa av landslova er det er lagt vekt på å gjere jubileet relevant for menneske med ulik bakgrunn og trusretningar, og i oktober/november 2023 vart det lyst ut 2 millionar til prosjekt og tiltak. Her søkte også Kyrkjekultur Vest A/S om midlar, og fekk støtte til eit delprosjekt i samband med verdiseglasen. Litteraturbåten Epos, som er planlagt brukt til verdisamtalane (jf siste kulepunkt i orienteringa), fekk innvilga midlar til arrangement som skal turnere i fylket med tilpassa program til jubileet. Det var elles ikkje søkt om meir heilskapleg støtte til prosjektet.

- Vestlandsrådet er nøgd med initiativet i høve deltaking frå ungdom/ungdomsråd, og oppmodar politikarar og ungdomsråd i dei aktuelle kommunane til å delta i verdisamtalar og andre aktivitetar knytt til prosjektet.

Vestlandsrådet tek orienteringa til vitande. I samsvar med samarbeidsavtalen mellom pilegrimssentra og bispedøma om felles koordinering av verdiseglasen i samband med jubilea, er Bjørgvin bispedøme, Kyrkjekultur Vest AS, Bergen regionale pilegrimssenter, og Kystpilegrimspresten sekretariat og koordinator for Verdiseglas 2024.

- Vestlandsrådet meiner at ideen om verdisamtalar er interesssesant, og er arrangement som evt. kan gjennomførast fleire stader langs Kystpilegrimslia. Dersom ein ønskjer

offentleg medverknad må det søkjast om deltaking og evt. tilskot til arrangement frå fylkeskommunar og kommunar langs Kystpilegrimsleia.